# Småsporven gjeng i tunet

**Tekst: Arne Garborg**

**Melodi: Catharinus Elling**




2. vers:
Eg er så lett på vengen,
og Mons må sleikja seg om trut;
Kvitt, kvitt, den gamle drengen,
han fekk så mang ein sut.
Og om i vide ringar
hauken svingar,
eg bort meg kverv og kringar
og slepp av leiken ut.

3. vers:
Eg lever dagar lette
og er fornøgd, å ja, å ja!
Kvar dag eg fær min mette,
som eg det best vil ha.
Pytt, pytt, kven spør om føda!
Nok i løda!
Der ligg den rike grøda;
der kan eg berre ta!

4. vers:
Og tidt eg fær i joli
ein godbit fin av Veslemøy;
og frys det, hev eg skjol i
det gode, varme høy.
Og så - kvitt, kvitt; gomår'n!
Så kjem våren.
Då fri på vengen boren
eg byggjer reir på øy.